

Informasjon om forsikring av elevar

Til deg som tar inn elevar i praksis

Vi set stor pris på at bedrifta di er med på å gi elevane våre nyttig arbeidspraksis. Dette informasjonsarket seier noko om kva reglar som gjeld med omsyn til yrkesskadeforsikring av elevane.

Vi gjer merksam på at praksisstaden etter Lov om yrkesskadeforsikring, er ansvarleg for yrkesskadeforsikring. Dersom bedrifta har tilsette vil normalt praksisstaden si yrkesskadeforsikring også dekkje elevar i praksisopplæring. Dei aller fleste bedrifter har forsikringar som omfattar alle arbeidstakarar i verksemda utan å melde inn arbeidstakar sitt namn. Det vil difor ikkje vere nødvendig for bedrifta å teikne eiga forsikring for desse. Sjekk ut at bedrifta har tilstrekkeleg tal arbeidstakarar på sin yrkesskadeforsikring.

For bedrifter som har yrkesskadeforsikring

For yrkesskadeforsikring er det vanleg at bedrifta kan overskride tal arbeidstakarar med 10% i høve talet som er angitt i forsikringsbeviset. Dersom det viser seg at bedrifta ikkje har høve til å ta inn YFF- elevar grunna tal personar i sitt forsikringsbevis, betalar Vestland fylkeskommune for utviding slik at eleven får gjennomført YFF i bedrifta. Bruk [skjemaet Innmelding for utvida yrkesskadeforsikring i YFF](#).

Innmeldingsskjema skal fyllast ut av skulen og sendast i forkant av utplasseringa. Send gjennom [e-dialog](#) og merk innsendinga med «Andrea Celeste Jensen»

For enkeltmannsføretak:

I dei tilfella der praksisstadane ikkje har tilsette, har dei ikkje yrkesskadeforsikring. I desse tilfella må eleven forsikrast på eiga ordning gjennom Vestland fylkeskommune. Bruk [Innmeldingsskjema for enkeltmannsføretak i YFF](#).

Innmeldingsskjema skal fyllast ut av skulen og sendast i forkant av utplasseringa. Send gjennom [e-dialog](#) og merk innsendinga med «Andrea Celeste Jensen»